

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 1/2015
Tid: Fredag 30. januar kl. 09:00 – 11:30
Stad: Bergen rådhus, møterom 14. etasje

Til stades:

Ordfører:	Kari F. Aakre, Knut Moe, Nils Marton Aadland, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Per Lerøy, Karstein Totland
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Jarle Landås, Ingvild Hjelmtveit, Reidun Halland (frå sak 4/15), Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen, Odd Ivar Øvregård
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Rune Lothe (Interkommunalt arkiv), Håkon Rastum og Anette Johansen (Nordhordland tingrett), Kari Evensen Natland, Åse Gunn Husebø (ordfører Øygarden), Peter Emil Kaland (Biosfæreprosjektet)
Forfall:	Jon Askeland, Kristin Handeland, Vidar Bråthen

Sak 1/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/15	Godkjenning, møteprotokoll møte 7/2014 (vedlegg) Møteprotokollen frå møte 7/2014 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/15	<p>Orientering frå Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH). Presentasjon vedlagt.</p> <p>Dagleg leiar Rune Lothe informerte om IKAH som er eigd av 32 kommunar (ikkje Bergen). IKAH har 6 årsverk, og budsjettet er på om lag 8 mill. og går i det store til lovpålagte oppgåver. IKAH har tre fokusområde:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oppbevaring og formidling av dokument og arkiver/system (papir og elektronisk) 2. Ordning og bevaringsvurdering – systematisering søkbar på nett 3. Rådgeving og rutineutvikling – løysningsorientert tilpassa den enkelte <p>IKAH hjelper kommunane med effektivisering av tenester om dei vil, og stiller med rådgeving og opplæringstilbod tilpassa kommunane sitt behov.</p> <p>IKAH møte ofte manglande kunnskap om selskapet og tenestene, og har trong for tett dialog med kommuneleiinga for å oppnå resultat og utnytta potensiale for effektivisering. Utfordringar IKAH møter, er store etterslep innanfor lovpålagde oppgåver og under kommunikasjon av framtidige kostnader. Manglande langsiktighet gjev høgare kostnader. Strukturendringar som følgjer av kommunesamanslåing er t.d. ei typisk utfordring.</p> <p>IKAH er på facebook og har nettadressa www.ikah.no</p>

<p>Sak 4/15</p>	<p>Mogeleg samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett. Presentasjon vedlagt. Sorenskrivar Håkon Rastum og adm. sjef Anette Johansen frå Nordhordland tingrett informerte om mogeleg samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett. Justisdepartementet ønskjer færre og større domstolar - i dag er det 66 tingrettar. Domstolstrukturen er tenkt utreda etter politireforma, men det er gjort unntak for at nokre tingrettar kan slåast saman tidlegare, det gjeld mellom anna Bergen og Nordhordland tingrett. Høyring er forventa i 2015.</p> <p>Nordhordland tingrett består av 19 kommunar med 154 000 innbyggjarar. Bergen tingrett har kun Bergen kommune, og dekker 274 000 innbyggjarar.</p> <p>Ulempene med samanslåing er at begge tingrettane er underbemanna i dag, og at det vil ta tid å skapa ein ny organisasjon. Fordelane er at Justisdepartementet og Domstolsavdelinga må prioritera "nye Hordaland tingrett" ved ressurstildeling. Dette vil gje større rom for meir spesialisering i domstolen, og Bergensregionen kan bli sentral i framtidig domstolsutvikling – og dermed vera eit kraftsenter.</p>
<p>Sak 5/15</p>	<p>Endringar i IKS-lova. Presentasjon vedlagt. Rune Heradstveit informerte kort om forslag til endringar i IKS-lova. Departement meiner at dagens IKS-lov kan vera i strid med EØS-reglane om offentleg støtte. Dette gjeld på område der IKS driv marknadsretta verksemd og konkurranse med det private. Det er eit mål å sikra like konkurransevilkår mellom offentlege og private aktørar.</p> <p>Det betyr i såfall at IKS-lova (§ 3) vert endra frå uavgrensa ansvar til eit avgrensa deltakaransvar (slik som i eit AS). Vidare at dagens konkursforbod - § 23, vert oppheva. Det vert krav til eigenkapital, utbytte og innskottskapital (for å verna kreditorar i og med at selskapet kan gå konkurs). Konsekvensar er bl.a. Kommunalbanken kan ikkje gje lån til eit IKS med eit avgrensa ansvar, og lån vert derfor dyrare. Ei mogeleg løysing er at kommunestyra gjer vedtak om garanti for kvart einskild lån som IKS tek opp.</p> <p>KS Bedrift meiner at endringa er ufullstendig utgreidd og peikar på at dei fleste IKS ikkje driv med marknadsretta verksemd, men lovpålagte oppgåver innan t.d. renovasjon, helse- og omsorgstenester, opplæring og undervisning, idrett og kultur og brannvern. KS Bedrift meiner at IKS er i strid med offentleg støtte , er eit veldig lite problem.</p> <p>KS Bedrift er fornøyd med at departementet fortsatt vurderer IKS som ei god selskapsform for kommunar, der rammene for eigarstyring er bygd inn i sjølve lova, og ser det at det er nødvendig med nokre tilpassingar i IKS-lova, men at den valte løysinga ikkje er den beste. KS Bedrift meiner det er unødvendig med så omfattande endringar fordi svært mange av dei berørte selskapa ikkje driv økonomisk aktivitet.</p> <p>Alternativ – til forslaget og som KS Bedrift ber om:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Enten at IKS-lova vert reservert for selskap som ikkje driv økonomisk aktivitet, og at den delen som driv økonomisk aktivitet vert skilt ut i AS. 2. Eller innfører et skille i IKS loven for selskaper med økonomisk aktivitet og selskaper som ikke driver økonomisk aktivitet («to-spors system»). <p>Vedtak:</p> <p>🚩 Regionrådet vedtok å senda eit høyringssvar innan fristen 5. februar, og at høyringssvaret i det store bygger på å støtta KS bedrift sine to alternativ til løysing.</p>
<p>Sak 6/15</p>	<p>Kommunereforma. Presentasjon vedlagt</p> <p>Status i kommunane vart drøfta. Ingvild Hjelmtveit la på vegne av rådmennene i Lindås, Radøy og Meland fram tankar om vegen vidare frå viljeserklæringar til handling og kva utgreiingar og ressursar som må til. Bl.a. var det eit ynskje om å få hjelp til utgreiing av kriteriene som ligg i malen, til prosesstøtte og til prosjektleiar. Mykje av utgreiingane kan gjerast felles uavhengig</p>

	<p>av ulike alternativ som kommunane ynskjer å utgreia. Imidlertid bør ein i fellesskap konsentrera seg om eit hovudalternativ - Nordhordlandsalternativet – så må evt. kvar enkelt kommune tilpassa dette til andre alternativ dei måtte ha.</p> <p>Regionrådet støtta tankane som vart presentert, og rådmennene fekk fullmakt til å jobba vidare med dette. Fleire framheva at det vil vera fornuftig å organisera dette gjennom NUI. Rådmennene skal ha heildagsmøte tysdag 3. mars, og dei vil då jobba vidare med prosjektplan og innhald m.v.</p>
Sak 7/15	<p>Nordhordland Biosfæreområde. Formell godkjenning av søknad</p> <p>Alle dei ti kommunestyra har stilt seg bak satsinga om at Nordhordland skal søkja om å bli det første UNESCO biosfæreområdet i Noreg. På møtet vart den ferdige prekvalifiseringssøknaden underteikna av ordførarane. Knut Moe, leiar for styringsgruppa i prosjektet, peika på at han håpar at ved å gjera Nordhordland til det første biosfæreområdet i Noreg, vil det bidra til å samla regionen, byggja felles kultur og ta vare på viktige fellesfunksjoner. Sjølv om me med dette har kome til ein viktig milepæl, er det no arbeidet byrjar på alvor. Regionen vil vise at me er verdige til statusen som biosfæreområde, og at me kan bruka dette til å ta gode avgjersler i framtida.</p>
Sak 8/15	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Ingen.</p>

Knarvik, 4. februar 2015



Kari Aakre
 Fungerande leiar
 Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
 Dagleg leiar
 Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 3-15 Orientering frå Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH).
- Sak 4-15 Mogeleg samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett
- Sak 5-15 Endringar i IKS-lova.
- Sak 6-15 Presentasjon kommunestruktur – frå viljeserklæring til handling